



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eli Marita Vik Næss / 57655744

Vår referanse:
17/37469-40

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.10.2017

IKKJE OFFENTLEG, offentleglova § 15, 1. ledd


Fv. 698 Blaksetunnelen

Viser til e-post frå Dina Lefdal av 19. oktober 2017.

Tilstand og utfordringar med dagens tunnel

Eksisterande tunnelar på strekninga er i svært dårleg stand. Tunnelane er 125 og 506 m lange med kort dagsone mellom. Begge tunnelane har belysing. Det er elles begrensa med sikkerheitsutstyr. Tunnelane er i for dårleg stand til at dei kan utbetrast.

Farten er 80 km/t. I 2013 var årstdøgntrafikken 600 med 7% tunge køyretøy.



Bildet viser Blakset I. Det er liten overdekning av fjell i tunnelen og fjellet over og på sidene inne i tunnelen er ustabil.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Temperaturen kan svinge rundt null frå seinhaustes til tidleg vår og med ein god del nedbør i haust og vintermånadene. Temperatur og overflatevatn fører til issprenging i sprekker i fjellet.

Det er registrert ca. 40 skred ned på fylkesvegen sidan midten av 90-talet ved Blakset-tunnelane. Dette er stort sett stein eller is. Dette er i stor grad mellom tunnelane og vest for Blakset II (tunnelen lengst vest). Vest for Blakset II er det til dagleg nedfall av stein på vegen som ikkje vert registrert. Desse er kyttnevestore. Det er størst aktivitet av skred nærast tunnelen.

Aust for Blakset I er det ikkje registrert skred, men det kjem ned is på vegen nær tunnelen.

Tilrådd tidsramme for prosjektet

I vårt innspel til fylkesvegbudsjettet for 2018 har vi skissert slik førebels framdriftsplan:

Godkjent reguleringsplan i mai –juni 2018
 Start prosjektering/grunnkjøpsprosess januar 2018
 Utlysning entreprise i desember 2018
 Oppstart vinter 2019
 Ferdig årsskifte 2020/2021

Reguleringsplanarbeidet er starta og nytt anslag er planlagt 31. oktober.

Konsekvens dersom prosjektet vert utsett til etter 2021

Konsekvensar for trafikantar

Konsekvens vil bli at trafikantar vil måtte leve ein lenger periode med periodevis nedfall av stein, og nedfall av is på vegbana. Grøftesystemet utanfor tunnelen er ikkje tilpassa auka intense nedbørsmengder, noko som medfører at ved ein hauststorm og snøsmelting vil trafikantar oppleve at vatn følger vegbana inn i tunnelen i ein lenger periode. Ved intens nedbør grev vatn under asfaltkant mot grøft. Ei utsetting til etter 2021 medføre at det er større sjanse for at eit køyretøy blir treft av nedfall av stein eller is. Avbøtande tiltak i tunnel er ikkje mogeleg.

Økonomiske konsekvensar

Worst case: Vi får ikkje godkjenning for å bygge tunnel med stigning over 5% i 2021. Tunnelen vil då måtte bli ca. 300 m lenger enn løysing i reguleringsplan. Med en kostnad på ca. 87.000 pr. meter pluss rigg og mva. er det snakk om en total kostnadsauke på minimum 40.mill kr i 2017 kr. Då er ikkje ekstra breiddeutviding som er omtala i forprosjekt på denne løysinga prissatt, og heller ikkje tillegg for omregulering.

Tunnelprosjekt i nærområdet kan påverke totalkostnadane i positiv retning, dersom vi kan sjå heile eller deler av prosjektet i samanheng.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Eli Marita Vik Næss

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.